

Lesekommisjonen

Dato	28.08.2026
Vår referanse	2026/42445-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Anne Askeland
E-post	Anne.Askeland@vlfk.no
Telefon	

Administrativt innspel til Lesekommisjonen frå Vestland fylkeskommune

Eining for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune gjev med dette eit administrativt, bibliotekfagleg innspel til Lesekommisjonen.

Fylkeskommunen har ansvar for regional bibliotekutvikling og støttar, samordnar og utviklar folkebiblioteka i fylket i tråd med folkebibliotekloven. Vi arbeider tett med kommunane, biblioteksjefar og nasjonale aktørar. Dette innspelet byggjer på observasjonar frå det regionale bibliotekutviklingsarbeidet som omhandlar arbeidet med leselyst og dialog med folkebibliotek og kommunar i Vestland. Vi rettar innspelet vårt mot mandatpunktet om råd til lokale myndigheiter om strategisk og heilskapleg arbeid med lesing, i samarbeid med kultursektoren.

Frå vår posisjon som regional aktør ser vi at leselyst og leseferdigheiter i stor grad handlar om tilgjengelegheit: er boka i nærleiken, er det opent på biblioteket når barn og unge treng det, og er det nokon som kan hjelpe barn og unge fram til rett bok? Manglande leseferdigheiter er ei folkehelseutfordring som krev eit kommunalt heilskapsansvar frå dei første leveåra og gjennom heile oppveksten. I dag ser vi at folkebibliotek, skule og barnehage ofte arbeider parallelt med lesing, utan felles strategi eller særleg stor grad av samhandling. Samarbeid finst, men er gjerne personavhengige.

Folkebibliotek, skule og barnehage har ulike roller og ulike rammer. Oppvekstsektoren er ein tydeleg læringsarena med eit definert mandat og ressursar knytt til det. Folkebiblioteket er ein open, frivillig lærings- og kulturarena, ein møteplass der barn og unge deltek på eigne premiss og ut frå eige behov. Eit samarbeid som respekterer og utnyttar denne skilnaden er sterkare enn kvar enkelt aktør åleine.

Ressurssituasjonen er ein reell risikofaktor i begge sektorar. Kommunale kutt i oppvekst og folkebibliotek svekkjer grunnlaget for det tverrsektorielle arbeidet med lesekultur. Oppvekstsektoren kan ikkje bygge lesekultur åleine, det å utvikle leselyst og leseferdigheiter hos barn og unge er ei samansett oppgåve. Tiltak og prosjekt vil treffe ulikt avhengig av bakgrunn, språk, livssituasjon og interesse. Det krev breidde og mangfald i verkemidla, og det krev at fleire aktørar samarbeider.

Våre innspel til kommisjonen

1. Felles strategi for lesekultur på tvers av sektorar

Kommunane bør utvikle ein felles strategi for lesing for å bygge lesekultur mellom barnehage, skule, folkebibliotek, helsestasjon og andre relevante aktørar. Kommuneleiing bør ta eigarskap til tverrsektoriell samordning om lesekulturen. Rektorar, kultursjefar, biblioteksjefar og kommunedirektørar må involverast i felles strukturar. Eit konkret tiltak kan vere å etablere faste samordningsarenaer for lesing på kommunalt nivå, der relevante leiarar møtest jamleg.

2. Bemanna skulebibliotek og formelle samarbeidsavtalar

Kommunane bør sikre bemanna skulebibliotek som ein grunnleggjande føresetnad for formidling til elevar. Der folkebibliotek fungerer som skulebibliotek, må skriftlege avtalar som inkluderer rollefordeling og økonomiske rammer vere norma. I tillegg bør samarbeidet mellom skule og

folkebibliotek bli formalisert gjennom skriftlege avtalar for å sikre at samarbeidet blir ein systematisk og forpliktande tilleggsressurs, og ikkje ein erstatning for bemanna skulebibliotek.

Elevar må møte hyller med bøker og menneske som kan formidle dei, både i skulen og på fritida. Dette er fordi elevane treng hjelp til å finne rett bok til rett tid. Ulike barn og unge blir nådde på ulike måtar, gjennom ulike format, sjangrar, språk og arenaer og krev difor eit mangfald av tiltak, ikkje éin metode for alle. Tal frå Spørsmål til Skole-Norge 2026 viser at mange skulebibliotek ikkje har bemanna bibliotek, eller tilsette i låg stillingsprosent. Ei utfordring i dag er at kommunar har ein tendens til å dekkje over manglande bemanning ved å vise til at elevane kan bruke folkebiblioteket, utan at det ligg ei formell avtale til grunn.

3. Tidleg innsats må bli prioritert

Samarbeidsordningar som stimulerer til lesing med dei yngste bør bli prioritert og ressurssett, og det bør bli utvikla gjensidige og forpliktande samarbeidsmodellar. Ein god start på lesing og språkutvikling i dei tidlege leveåra er det beste grunnlaget for vidare utvikling. Kommunen bør sjå dette som eit heilskapleg ansvar og kommunisere aktivt til innbyggjarane om verdien av tidleg lesing. Samarbeid mellom folkebibliotek, barnehage og helsestasjon er eit effektivt verkemiddel for å nå barn tidleg, og gir samstundes ein kanal til føresette. Føresette er ein nøkkel til tidleg start på lesing, og kommunane må samle laget rundt føresette og barna for å legge til rette for en kultur for lesing.

Folkebiblioteket har mellom anna ordningar som bokstart, bokposar og samlingsutlån til barnehagar og helsestasjonar som er effektive tiltak. Desse ordningane er avhengige av at biblioteket har ressursar til å drive dei, og at barnehagar og helsestasjon har ressursar til å samarbeide om dei.

4. Folkehelse bør bli integrert i det kommunale lesearbeidet

Kommunane bør sjå lesing i samanheng med folkehelse, og helsestasjonen bør bli involvert i tidleg innsats for leseyst og språkutvikling. Særleg i møte med dei yngste barna og deira familiar har helsestasjonen ein unik posisjon for å nå familiar som elles ikkje blir nådde av bibliotek eller barnehage.

Avslutning

Vi oppmodar lesekommisjonen til å gi tydelege råd til lokale myndigheiter om at arbeidet med lesekultur og leseferdigheiter krev forankring på kommunalt leiarnivå og samordning på tvers av sektorar. Folkebiblioteket er ein viktig del av denne heilskapen, men er avhengig av å bli involvert som ein reell samarbeidsaktør, ikkje ein tilleggsressurs.

Med helsing

Elin Golten
leiar
KFO - Bibliotekutvikling

Anne Askeland
rådgjevar
KFO - Bibliotekutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift